



DET KONGELEGE
JUSTIS- OG BEREDSKAPSDEPARTEMENT

Prop. 158 LS

(2012–2013)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak og stortingsvedtak)

Endringar i kjøpsloven og avtaleloven og samtykkje til å trekkje reservasjonen mot FN-konvensjonen 11. april 1980 om kontraktar for internasjonale lausøyrekjøp (CISG) del II om avtaleinngåing

*Tilråding frå Justis- og beredskapsdepartementet 24. mai 2013,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Hovudinnhaldet i proposisjonen

Justis- og beredskapsdepartementet ber i proposisjonen om samtykkje frå Stortinget til å trekkje reservasjonen mot FN-konvensjonen 11. april 1980 om kontraktar for internasjonale lausøyrekjøp (CISG) del II om avtaleinngåing. CISG del II regulerer avtaleinngåing ved visse internasjonale lausøyrekjøp. Reguleringa vik på ein del punkt av frå dei generelle reglane om avtaleinngåing i avtaleloven kapittel 1.

Departementet gjer framlegg om å gjennomføre CISG del II i norsk rett ved ei blankettføresegn i kjøpsloven der det blir slått fast at konvensjonen skal gjelde som norsk lov. I samband med dette føreslår departementet at heile CISG blir gjennomført som norsk lov ved inkorporasjon. CISG er, med unntak av del II, etter gjeldande rett gjennomført i norsk rett ved transformasjon. CISG er dermed omsett, omsystematisert og i nokon grad fortolka inn i ein konsolidert norsk lovtekst (kjøpsloven) som gjeld både for nasjonale og internasjonale kjøp. I kjøpsloven er det gitt

somme unntak og særføresegner for internasjonale kjøp, sjå særleg kjøpsloven kapittel XV. Der som konvensjonen fullt ut blir gjennomført ved inkorporasjon, fell behovet for desse særreglane bort, og departementet føreslår at dei blir oppheva.

Lovforslaga i proposisjonen har ikkje noko å seie for nasjonale lausøyrekjøp eller kontraktar om lausøyrekjøp der begge partane har forretningsstad i dei nordiske landa. Dei nordiske landa reserverte seg då dei slutta seg til CISG, mot at konvensjonen skal gjelde for nordiske kjøp, og det er ikkje aktuelt å trekkje denne reservasjonen. Ei anna sak er at det kan vere naudsynt å klargjere at denne reservasjonen òg skal gjelde for reglane i konvensjonen om avtaleinngåing. Lovforslaga har heller ikkje verknad for forbrukarkjøp, sal på aukasjon, sal ved tvangsfullbyrding eller etter lovpåbod, kjøp av aksjar, verdipapir, omsetningspapir eller pengar eller kjøp av skip, fartøy, luftputefartøy, luftfartøy eller elektrisitet. Slike kjøp fell utanfor området konvensjonen gjeld for, jf. CISG artikkel 2.

2 Bakgrunnen for proposisjonen

Justis- og beredskapsdepartementet sende 18. mai 2012 på høyring eit framlegg om å trekkje reservasjonen mot CISG del II og gjennomføre denne delen av konvensjonen i norsk rett gjennom ei blankettføresegn i kjøpsloven. I høyringsnotatet tok departementet òg opp spørsmålet om det i samband med dette var grunn til å vurdere om heile CISG bør vedtakast som norsk lov ved inkorporasjon.

Bakgrunnen for høyringa var den nordiske utgreiinga «Avtalsslutande vid internationella köp av varor» (TemaNord 2009:507) som vart lagt fram i desember 2008 etter at det internasjonale handelskammeret (ICC) hadde reist spørsmål om ei ny vurdering av reservasjonane som dei nordiske landa hadde gjort mot CISG del II. Utgreiinga drøfta i kva mon Danmark, Finland, Sverige og Noreg burde revurdere og eventuelt trekkje reservasjonane mot CISG del II. Ei nærmare omtale av utgreiinga følgjer under punkt 4.1 nedanfor.

Følgjande instansar fekk høyringsnotatet:

Departementa

Det juridiske fakultet, Universitetet i Oslo
 Det juridiske fakultet, Universitetet i Bergen
 Det juridiske fakultet, Universitetet i Tromsø
 Finanstilsynet
 Forbrukarrådet
 Forbrukarombodet
 Konkurransetilsynet
 Noregs Bank
 Regjeringsadvokaten

Høgsterett
 Lagmannsrettane
 Bergen tingrett
 Kristiansand tingrett
 Nord-Troms tingrett
 Oslo tingrett
 Stavanger tingrett
 Sør-Trøndelag tingrett

Fylkeskommunane
 Oslo kommune
 Bergen kommune
 Trondheim kommune
 Stavanger kommune
 Kristiansand kommune

Bedriftsforbundet
 Bilimportørenes Landsforening

Bokhandlerforeningen
 Coop Norge SA
 Dagligvareleverandørenes forening
 Den Norske Advokatforening
 De norske bokklubbene AS
 De regionale helseforetakene
 Den norske Dommerforening
 Eiendomsmeglerforetakenes Forening
 Elektronikk Importør Foreningen
 Energibedriftenes Landsforening
 Finansieringsselskapenes forening
 Finansnæringens Fellesorganisasjon
 Fiskernes Salgslag A/L
 Handelshøyskolen BI
 Huseiernes Landsforbund
 IKT-Norge
 Innovasjon Norge
 Kommunesektorens interesse- og arbeidsgiverorganisasjon
 Kred.no AS
 Leketøybransjens fellelsråd
 Landsorganisasjonen i Norge
 Markedsføringsforeningen i Oslo
 Nei til EU
 NORBOAT
 Nordisk Skisrederforening
 Norges Automobilforbund
 Norges Bilbransjeforbund
 Norges Eiendomsmeglerforbund
 Norges Fondsmeglerforbund
 Norges Ingeniør- og Teknologiorganisasjon (NITO)
 Norske Inkassobyråers Forening
 Norges Juristforbund
 Norges kemner og kommuneøkonomers forbund
 Norges Kreditorforbund
 Norges Markedsføringsforbund
 Norges Musikkhandlerforbund
 Norges Bondelag
 Norges Rederiforbund
 Norges Zoohandlers Bransjeforening
 Norsk Bergindustri
 Norsk Bonde- og Småbrukarlag
 Norske Boligbyggelags Landsforbund
 Norske Elektroleverandørers Landsforening
 Norske Forsikringsmegleres Forening
 Norske Kredittopplysningsbyråers Forening
 Norsk forening for bygg- og entrepriserett
 Norsk Industri
 Norsk Kennel Klub
 Norsk Skipsmeglerforbund
 Norsk senter for menneskerettigheter
 Næringslivets Hovedorganisasjon
 Pensjonskasseforeningen
 Rettspolitisk forening

Stiftelsen Elektronikkbransjen
Virke
Yrkesorganisasjonenes sentralforbund

Departementet har motteke høyringsfråsegner med merknader frå følgjande instansar:

Kunnskapsdepartementet
Utanriksdepartementet
Regjeringsadvokaten
United Nations Commission on International
Trade Law (UNCITRAL)
Den Norske Advokatforening
Næringslivets Hovedorganisasjon

3 Gjeldande rett – reservasjonen mot CISG del II

3.1 Kort om CISG

Noreg og dei andre nordiske landa har slutta seg til FN-konvensjonen 11. april 1980 om kontraktar for internasjonale lausøyrekjøp (CISG). Totalt 79 land har til no slutta seg til konvensjonen, mellom dei USA, Kina og dei fleste landa i EU. Dei fleste internasjonale kjøpsavtalar må derfor reknast å vere regulerte av regelverket i CISG i den grad partane ikkje ved avtale har gjort unntak frå føresegnene i konvensjonen. CISG består av fire hovuddelar. Del I av konvensjonen omhandlar verkeområdet for konvensjonen, prinsipp for tolkinga av konvensjonen og visse andre generelle spørsmål. Del II inneheld avtalerettslege reglar om inngåing av kontraktar om internasjonale lausøyrekjøp, medan del III inneheld kjøpsrettslege reglar for slike kontraktar, mellom anna reglar om mislegghald. Del IV inneheld slutføresegner og stiller mellom anna opp reglar om reservasjonsrett for medlemsstatane i konvensjonen.

Konvensjonsteksten på engelsk og fransk og i norsk omsetjing er tidlegare lagt fram for Stortinget som vedlegg til Ot.prp. nr. 80 (1986-1987) Om A Kjøpslov B Lov om samtykke til ratifikasjon av FN-konvensjonen om kontrakter for internasjonale løseøyrekjøp, vedtatt 11 april 1980.

3.2 Den nordiske reservasjonen mot CISG del II

Danmark, Finland, Sverige og Noreg slutta seg til CISG med reservasjon mot konvensjonen del II om avtaleinngåing (artiklane 14 til 24). Reservasjonen vart gjort i samsvar med heimelen for reservasjon i artikkel 92 nr. 1. Island slutta seg

seinare til konvensjonen utan å gjere ein slik reservasjon, og heller ingen andre konvensjonsstatar har reservert seg mot CISG del II. Dei nordiske landa gjorde elles òg ein reservasjon etter konvensjonen artikkel 94 mot at konvensjonen skulle gjelde for nordiske kjøp, men denne reservasjonen er det ikkje aktuelt å trekkje.

Den nordiske reservasjonen mot CISG del II hadde bakgrunn i at reglane i konvensjonen om avtaleinngåing er påverka av avtaleretten i common law-landa, og vart rekna for å vere framandarta for nordisk avtalerett. CISG del II skil seg frå dei fellesnordiske avtalelovene særleg når det gjeld tilbakekall av tilbod. Dei nordiske avtalelovene byggjer på lovnadsprinsippet, medan CISG byggjer på eit kontraktprinsipp som i noko større grad enn nordisk avtalerett synest å akseptere at tilbod kan tilbakekallast.

Reservasjonen mot CISG del II førte til at denne delen av konvensjonen ikkje blei gjennomført i dansk, finsk, svensk og norsk rett. I utgangspunktet var det derfor dei fellesnordiske reglane om avtaleinngåing i desse landa som gjaldt også i internasjonale kjøpsforhold, men berre så langt kjøpsforholdet kom inn under rettsreglane i eit av desse landa. I dag er situasjonen endra ved at Danmark, Finland og Sverige i løpet av 2011 og 2012 trekte sine reservasjonar mot del II i konvensjonen. Noreg står dermed att som den einaste konvensjonsstaten som har reservert seg mot konvensjonen del II.

3.3 Nærmare om CISG del II og norsk rett

For norsk rett sin del inneber reservasjonen mot CISG del II at det er føresegnene i avtaleloven kapittel 1 som skal nyttast når spørsmål om inngåing av avtalar omfatta av konvensjonen kjem inn under norsk rett.

Av CISG artikkel 1 nr. 1 bokstav b følgjer at konvensjonen skal nyttast dersom allmenne lovvalsreglar leier til at rettsreglane til ein konvensjonsstat skal nyttast på kjøpsforholdet. Når rettsreglane til ein konvensjonsstat som har slutta seg til konvensjonen utan reservasjon for del II, skal nyttast, vil del II normalt måtte gjelde også for norske partar i internasjonale kjøpsforhold.

Kva for eit land ein skal nytte rettsreglane til, blir avgjort av internasjonalt privatrettslege reglar om lovval som er ein del av den einskilde statens interne rett. I norsk rett følgjer det av allmenne lovvalsreglar for internasjonale lausøyrekjøp at kjøpet, i fråvær av lovavtale mellom partane, som hovudregel blir regulert av lova i det landet seljaren har bustad eller forretningsstad, jf. lov 3.

april 1964 nr. 1 om mellomfolkeleg-privatrechtslege reglar for lausøyrekjøp § 4. Lova gjeld òg for spørsmål knytta til sjølve inngåinga av kjøpsavtalen med unnatak av dei særlege spørsmåla omhandla i lova § 2, jf. Ot.prp. nr. 15 (1963-64) side 4.

Dette inneber i praksis at når lovvalsreglane peiker på norsk rett, til dømes i tilfelle der partane sjølve ikkje har gjort nokon lovvalsavtale og seljaren er ein norsk eksportør med forretningsstad i Noreg, vil dei norske reglane om avtaleinngåing i avtaleloven måtte nyttast på forholdet. I andre tilfelle vil lovvalsreglane leie til bruk av utanlandsk rett, til dømes der partane ikkje har gjort lovvalsavtale og ein utanlandsk seljar har gjort avtale med ein norsk importør. Dersom eit forhold på denne måten kjem inn under rettsreglane til ein konvensjonsstat, følgjer det av konvensjonens artikkel 1 nr. 1 bokstav b at konvensjonen skal nyttast. Det vil òg gjelde konvensjonen del II om avtaleinngåing. Dette gjeld likevel ikkje utan vidare overfor konvensjonsstatar som har teke atterhald om bruken av artikkel 1 nr. 1 bokstav b, jf. artikkel 95 som opnar for dette. Overfor slike statar kan lovvalsreglane føre til at det er den aktuelle statens eigne lovreglar som gjeld. Til dømes har både USA og Kina teke atterhald som nemnt, med den konsekvensen at det i så fall er reglane i høvesvis amerikansk delstatslovgiving og kinesisk rett om avtaleinngåing som må nyttast. Konsekvensen av den norske reservasjonen mot del II er altså i slike tilfelle at norske partar må rette seg etter intern rett i den aktuelle framande staten, til dømes USA og Kina, i staden for konvensjonen.

3.4 Kort om dei viktigaste skilnadene mellom CISG del II og avtaleloven kapittel 1

I den nordiske utgreiinga "Avtalsslutande vid internationella köp av varor" er det gitt ei detaljert samanlikning av reglane i CISG del II med dei fellesnordiske reglane om avtaleinngåing, sjå særleg kapitla 3 og 4. Utgreiinga er nærmare omtala under punkt 4.1 nedanfor. I det følgjande blir det gitt ein kort presentasjon av nokre av dei viktigaste skilnadene mellom reglane i CISG del II og avtaleloven kapittel 1.

Den viktigaste prinsipielle skilnaden er at CISG byggjer på eit kontraktprinsipp, medan avtaleloven byggjer på lovnadsprinsippet. Etter kontraktprinsippet kan ein lovnad tilbake kallast så lenge han ikkje er akseptert. Etter lovnadsprinsippet vil derimot lovnaden i seg sjølv skape plikt for den som har gitt lovnaden. Etter dette prinsippet

vil eit tilbod alltid binde givaren mellombels. Når tilbodet så blir akseptert, får medkontrahenten ein endeleg rett til det tilbodet gjeld, jf. nærmare om akseptfrist i avtaleloven §§ 2 og 3. Desse reglane må samanhaldast med avtaleloven § 7 om at eit tilbod kan tilbake kallast inntil det er kome til kunnskap.

Kontraktprinsippet i CISG kjem til uttrykk i artikkel 16 nr. 1, der det går fram at eit tilbod som utgangspunkt kan tilbake kallast av tilbydaren inntil tilbodsmottakaren har sendt ein aksept. Artikkel 16 nr. 2 innskrenkar dette utgangspunktet. I bokstav a er det fastsett at eit tilbod ikkje kan tilbake kallast dersom det er sagt at det er ugjenkalleleg, anten ved at det er sett ein bestemt akseptfrist, eller på annan måte. Er det fastsett ein akseptfrist for tilbodet, vil tilbodet såleis vere bindande for tilbydaren fram til utløpet av den fastsette fristen på same måte som etter norsk rett, jf. avtaleloven § 2. Vidare følgjer det av artikkel 16 nr. 2 bokstav b at eit tilbod ikkje kan tilbake kallast dersom det var rimeleg for mottakaren å rekne med at tilbodet var ugjenkalleleg og han har handla i tillit til det (innretta seg etter tilbodet). Særleg det sistnemnde unnataket gjer at reglane i CISG kjem nærmare lovnadsprinsippet i nordisk avtalerett enn utgangspunkta skulle tilseie.

Den praktiske verknaden av dei prinsipielt ulike utgangspunkta bør truleg ikkje overdrivast. Ved meir kompliserte avtalar om kjøp i næringsforhold er det vanleg at avtalen blir avslutta ved forhandlingar der partane blir samde om eit formkrav, til dømes at avtalen ikkje er bindande for partane før han er underteikna. I andre tilfelle forhandlar partane i dag ofte gjennom e-postkorrespondanse, og heller ikkje i slike tilfelle er det grunn til å tru at skilnaden har særleg mykje å seie i praksis.

Ein annan skilnad mellom CISG del II og avtaleloven kapittel 1 er at CISG i større grad byggjer på objektive kriterium. Dette gjeld mellom anna reguleringane av når eit tilbod får verknad eller blir bindande. Etter avtaleloven § 7 kan eit tilbod ikkje lenger tilbake kallast når det har kome til kunnskap for adressaten. For at eit tilbakekall av tilbodet skal få verknad, må tilbakekallet kome fram til tilbodsmottakaren før eller samtidig med at tilbodet kjem til kunnskap for han. Etter CISG artikkel 15 er det derimot tilstrekkeleg for at tilbodet skal få verknad, at det kjem fram til adressaten. Seinare kan tilbodet tilbake kallast dersom det ikkje er ugjenkalleleg etter reglane i CISG artikkel 16.

Også når det gjeld reglane som regulerer konsekvensen av at ein aksept ikkje dekkjer tilbodet,

er fleire kriterium i avtaleloven subjektive, medan tilsvarende kriterium i CISG er objektive. Både CISG og avtaleloven tek utgangspunkt i at ein aksept som ikkje dekkjer tilbodet, blir rekna som eit avslag og gjeld som eit nytt tilbod, jf. avtaleloven § 6 første ledd og CISG artikkel 19 nr. 1. Men reglane skil seg i unnataka frå dette utgangspunktet. Etter avtaleloven § 6 andre ledd må tilbodsgivaren reklamere for å unngå å bli bunden av avtale med innhald som i den avvikande aksepten dersom akseptanten går ut frå at aksepten stemmer med tilbodet og tilbodsgivaren måtte forstå dette. Etter CISG artikkel 19 nr. 2 må tilbodsgivaren reklamere for å unngå å bli bunden av avtale med innhald etter aksepten dersom avviket i aksepten ikkje vesentleg endrar innhaldet av tilbodet. I artikkel 19 nr. 3 er det gjort ei ikkje fullstendig opprekning av endringar som utan vidare skal reknast som vesentlege i denne samanhengen.

Ein tilsvarende skilnad mellom CISG og avtaleloven finn ein i reguleringane av i kva slags tilfelle ein tilbodsgivar kan bli bunden av ein aksept trass i at aksepten kjem fram etter at akseptfristen har gått ut. Etter avtaleloven § 4 andre ledd må tilbodsgivaren reklamere for å unngå å bli bunden av ein aksept som kjem for seint, dersom akseptanten går ut frå at han er komen fram i rett tid og tilbodsgivaren må forstå dette. CISG artikkel 21 nr. 2 fastset at tilbodsgivaren må reklamere for å unngå å bli bunden av ein aksept som kjem for seint fram, dersom det går fram av aksepten at han er send under slike forhold at han ville ha kome fram i tide om framsendinga hadde gått normalt.

4 Framlegget om å trekkje reservasjonen mot CISG del II

4.1 Bakgrunnen – nordisk utgreiing

Etter at det internasjonale handelskammeret (ICC) hadde reist spørsmål om ei ny vurdering av reservasjonane som dei nordiske landa hadde gjort mot CISG del II, gav den nordiske embetsmannskomiteen for lovgivingsspørsmål i 2008 professor Jan Kleineman som utgreiar og professor Tom Madell som sekretær i oppdrag å greie ut om det var grunn for Danmark, Finland, Sverige og Noreg til å revurdere og eventuelt trekkje reservasjonen mot konvensjonen del II. Det vart vidare oppnemnt ei referansegruppe, som bestod av professor Kai Krüger frå Noreg og representantar frå andre nordiske land, som utgreiarane ifølgje oppdraget skulle samrå seg med.

Utgreiinga "Avtalsslutande vid internationella köp av varor" (TemaNord 2009:507) vart lagt fram i desember 2008. I utgreiinga blei skilnadene mellom dei fellesnordiske reglane og reglane om avtaleinngåing i konvensjonen analyserte. Vidare blei det gjort greie for dei ulike omsyna som, etter det utgreiarane meinte, tala for og imot å trekkje reservasjonen mot konvensjonen del II.

Kort oppsummert fann ikkje utgreiarane at det rettsleg eller faktisk er vesentlege skilnader mellom dei nordiske reglane om avtaleinngåing, som tek utgangspunkt i det såkalla lovnadsprinsippet, og reglane i konvensjonen, som tek utgangspunkt i det såkalla kontraktprinsippet. Utgreiarane viste i denne samanhengen til at begge utgangspunkta blir supplerte av andre prinsipp, og dessutan at dei blir modifiserte ved at det frå begge utgangspunkta gjeld fleire unnatak. Etter utgreiarane si oppfatning er det derfor ikkje først og fremst fordelar eller ulemper ved det eine utgangspunktet for avtaleinngåing framfor det andre som bør vere avgjerande for om ein bør trekkje reservasjonane mot del II i konvensjonen. Utgreiarane peikte likevel på at konvensjonen del II på visse punkt synest å stille opp noko meir objektive reglar, som dermed er enklare å praktisere, samanlikna med gjeldande nordiske reglar om avtaleinngåing.

Utgreiarane heldt vidare fram som eit argument for å trekkje reservasjonen at dette vil signalisere aksept av konvensjonen som eit føremålstenleg rettsleg instrument i internasjonale lausøyrekjøp. Utgreiarane viste til at konvensjonen har verka over fleire år og no synest å vere eit nokså allment akseptert instrument i internasjonal handel.

Vidare blei det peikt på at å gjennomføre konvensjonen del II i Danmark, Finland, Sverige og Noreg vil føre til at reglane for avtaleinngåing i internasjonale kjøp kjem i samsvar med reglane i fleirtalet av handelsstatar, og ein kan ha grunn til å tru at dette vil kunne verke til å fremje handelen. Etter ei samla vurdering av dei ulike omsyna som gjer seg gjeldande, blei konklusjonen i utgreiinga at Danmark, Finland, Sverige og Noreg burde trekkje reservasjonen mot konvensjonen del II. Referansegruppa, som mellom andre bestod av professor Kai Krüger, slutta seg til konklusjonen frå utgreiarane.

I samband med at spørsmålet om å trekkje reservasjonen skulle drøftast i nordisk samanheng, vart professor Kleinemanns utgreiing i april 2009 lagd fram for fleire instansar for å få moglege synspunkt. Departementet fekk tre innspel med merknader til spørsmålet om reservasjonen bør trekkjast. Av desse støtta Næringslivets Hovedor-

ganisasjon konklusjonen i utgreiinga. NHO framheva at konvensjonen hadde vist seg å fungere godt, og at det var god grunn til å støtte ei harmonisering av internasjonal kjøpsrett. Barne- og likestillingsdepartementet gav uttrykk for at ein ikkje hadde innvendingar mot konklusjonen i utgreiinga. Nordisk Skibsræderforening tok ikkje uttrykkjeleg standpunkt til spørsmålet, men la til grunn at det frå eit praktisk perspektiv nok ikkje hadde særleg mykje å seie om reservasjonen skulle bli trekt eller ikkje. Vurderinga burde derfor etter det foreininga meinte, liggje på eit anna og meir overordna plan. Etter foreininga sitt syn hadde dei meir prinsipielle og rettssystematiske omsyna fått for lita vekt i utgreiinga, mellom anna det noko problematiske i å innføre reglar ved internasjonale kjøp som vik av frå det som gjenom avtaleloven gjeld for all anna avtaleinngåing i norsk rett.

I dei nordiske drøftingane vart det frå norsk side orientert om resultatet av dei nemnde sonderingane.

4.2 Framlegget i høyringsnotatet

På bakgrunn av den nordiske utgreiinga la departementet fram forslag om å trekkje reservasjonen mot CISG del II og gjennomføre reglane i norsk rett. I høyringsnotatet punkt 3.2 heiter det om framlegget:

«Departementet sluttar seg til synspunkta i utgreiinga om at det ikkje først og fremst er fordelar eller ulemper ved det eine utgangspunktet for avtaleinngåing framfor det andre som er avgjerande for om reservasjonen mot konvensjonen del II bør trekkjast. Sjølv om norsk avtalerett og reglane i CISG byggjer på ulike utgangspunkt, vil resultata i praksis liggje nærare kvarandre enn utgangspunkta skulle tilseie. Det er ikkje grunn til å tru at ei gjennomføring av reglane i CISG del II i praksis vil innebære lite føremålstenlege endringar samanlikna med dagens situasjon for partane i internasjonale lausøyrekjøp. CISG del II syner seg som eit kompromiss mellom ulike rettssystem der også dei nordiske landa synest å ha fått delvis gjennomslag. Det må òg nemnast at CISG del II synest å ha fungert godt og berre i mindre grad å ha vore gjenstand for tvistar i statane som har gjennomført reglane.

I utgreiinga blir det sagt følgjande om dette (sidene 65–66):

”Under årens lopp har som sagts mange röster höjts för att återkalla de skandinaviska

ländernas reservationer mot att anta del II i CISG. Skälet har framför allt anförts vara att reservationen till viss del bygger på ett felaktigt grundantagande eftersom bestämmelserna i del II av CISG för det första inte alls är så främmande som motiven ger sken av och för det andra – vilket är mera väsentligt i sammanhanget – att de principer som följer av den internationella privaträttens lagvalsregler ofta leder till att nordiska importörer hur som helst blir underkastade de regler som följer av del II i CISG – alternativt andra länders nationella lagstiftning.

Det undantag från del II i CISG som de skandinaviska lagstiftarna valde att göra har altså inte uppnått de resultat som angavs som skäl för reservationen. Samtidigt visar praxis att de regler om avtalsslutande som följer av CISG är funktionella och att de lever upp till de behov som det moderna affärslivet uppställer.”

Eit argument mot å trekkje reservasjonen er etter departementet sitt syn at ei gjennomføring av CISG del II vil føre til eit tospora system i norsk avtalerett der reglane i avtalelova kapittel 1 gjeld for norske og nordiske kjøp, medan konvensjonen kapittel II gjeld for internasjonale kjøp. Det vil kunne by på nokre utfordringar for norske kontraktpartar at avtaleinngåingssituasjonen er regulert av ulike reglar avhengig av om ein har å gjere med motpartar med forretningsstad i Norden eller med motpartar med forretningsstad i ein konvensjonsstat utanfor Norden.

Norske partar i internasjonale avtalar om lausøyrekjøp må likevel også etter dagens ordning innrette seg etter eit fleirspora system for reglar om avtaleinngåing. Reglane i avtalelova kapittel 1 gjeld berre dersom det er norsk rett som etter lovvalsreglane skal nyttast. Reglane i CISG del II vil måtte nyttast dersom det er rettsreglane til ein annan konvensjonsstat som skal gjelde. Dette gjeld likevel ikkje dersom konvensjonsstaten har reservert seg mot å nytte CISG artikkel 1 nr. 1 bokstav b, slik mellom andre store handelsstatar som USA og Kina har gjort. I slike tilfelle vil dei internrettslege reglane om avtaleinngåing i til dømes USA og Kina måtte nyttast. Blir den nordiske reservasjonen mot CISG del II trekt, vil alle dei nemnde tilfella bli regulerte av konvensjonen del II. Lovvalsreglane vil i så fall få ei meir underordna rolle, fordi reglane i CISG del II vil måtte nyttast same om ein legg rettsreglane i den eine eller den andre konvensjonsstaten til

grunn. Dette vil gjere tilhøva meir føreseielege for partane i internasjonale lausøyrekjøp.

Dersom reservasjonen mot CISG del II blir trekt, vil Noreg få reglar for avtaleinngåing i internasjonale kjøpsavtalar som svarar til dei reglane fleirtalet av handelsstatar opererer med i dag. Handels- og næringsomsyn dreg derfor i retning av at reservasjonen bør trekast. Departementet går ut frå at reservasjonen mot CISG del II neppe utgjør nokon handelsbarriere av særleg vekt i dag, men det er likevel grunn til å tru at ei samordning med avtaleinngåingsreglane i fleirtalet av handelsnasjonane i verda er ei forenkling som kan ha ein viss positiv effekt.

Eit anna omsyn er at ein ved å trekkje reservasjonen uttrykkjer ein vilje til å respektere CISG som ei føremålstenleg regulering i internasjonale kjøpsforhold, og at ein på den måten gir eit signal om støtte til arbeidet med harmonisering av rettsreglane for internasjonal handel. Det bør vere gode grunnar til at ein held oppe ein reservasjon mot ein konvensjon som har fått så brei tilslutning internasjonalt.

I både Danmark, Finland og Sverige har nasjonalforsamlingane nyleg gjort vedtak om å trekkje reservasjonen mot CISG del II og å gjennomføre konvensjonens reglar om avtaleinngåing i nasjonal rett. Omsynet til nordisk rettsharmoni, som på det rettsområdet vi her har med å gjere, tradisjonelt har stått sterkt, talar for at også Noreg no trekkjer reservasjonen og gjennomfører konvensjonens reglar om avtaleinngåing i norsk rett.»

4.3 Høyringsfråsegnene

Regjeringsadvokaten, UNCITRAL, Den Norske Advokatforening og Næringslivets Hovedorganisasjon støttar framlegget om å trekkje reservasjonen mot CISG del II og gjennomføre reglane i norsk rett. *Kunnskapsdepartementet og Utanriksdepartementet* uttalar at dei ikkje har innvendingar mot framlegget.

UNCITRAL peiker mellom anna på at Noreg, etter at Danmark, Finland og Sverige alle har trekt sine reservasjonar, står att som den einaste konvensjonsstaten med reservasjon mot konvensjonen del II, og at framlegget om å trekkje reservasjonen er egna til å fremje ei einsarta gjennomføring av konvensjonen og redusere rettslege transaksjonskostnader knytta til internasjonale lausøyrekjøp.

Den Norske Advokatforening uttalar:

«Advokatforeningen meiner det er på høg tid å trekkje den norske reservasjonen mot FN-konvensjonen 11. april 1980 om kontraktar for internasjonale lausøyrekjøp (CISG) del II om avtaleinngåing - og støttar difor framlegget om dette. Advokatforeningen viser også til at reservasjonen - grunna dei interlegale reglane som i mange høve vil innebere at framand rett (og med det etter omstenda også CISG del II) gjeld - nok har mindre praktisk konsekvens enn det som kan ha vore lagt til grunn frå nordisk hald.»

4.4 Departementet si vurdering

Departementet går inn for å følgje opp framlegget i høyringsnotatet om å trekkje reservasjonen mot CISG del II og gjennomføre reglane i norsk rett. Departementet viser til omsyna som blei framheva til støtte for dette i høyringsnotatet, jf. punkt 4.2 ovanfor, og at framlegget har fått klår støtte i høyringa. Vidare har Danmark, Finland og Sverige no alle trekt sine reservasjonar. Noreg står dermed att som den einaste konvensjonsstaten med reservasjon mot konvensjonen del II.

Når det gjeld dei nærmare verknadene av framlegget, viser departementet til det som var sagt om dette i høyringsnotatet, sjå punkt 4.2 ovanfor, og omtala av dei viktigaste skilnadene mellom CISG del II og avtaleloven kapittel 1 under punkt 3.4. Departementet finn elles grunn til å presisere at det berre er tale om å trekkje reservasjonen i medhald av CISG artikkel 92, og ikkje dei nordiske landa sine reservasjonar etter artikkel 94 mot at konvensjonen skal gjelde for nordiske kjøp. Framlegget vil derfor ikkje ha noko å seie for kontraktar om lausøyrekjøp der begge partane har forretningsstad i dei nordiske landa.

5 Gjennomføringa av CISG i norsk rett

5.1 Innleiing

Dersom reservasjonen mot CISG del II blir trekt, reiser det spørsmål om val av gjennomføringsmåte når reglane i konvensjonen om avtaleinngåing skal gjennomførast for internasjonale lausøyrekjøp i norsk rett. Det er grunn til å vurdere dette spørsmålet i lys av korleis dei andre delane av CISG er gjennomførte i norsk rett.

5.2 Gjeldande rett – gjennomføringa av CISG (unnateke del II) i norsk rett

Dei nordiske landa gjennomførte etter at CISG vart vedteken, eit lovsamarbeid med sikte på å modernisere og harmonisere den nasjonale kjøpsretten med CISG som førebilete for nordisk kjøpslovgiving. Det var eit mål for utgreiinga at reglane for nasjonale og internasjonale kjøp skulle vere tilnærma like. Den nordiske utgreiinga NU 1984: 5 leidde til at Finland, Sverige og Noreg fekk ny og samordna nasjonal kjøpslovgiving, medan Danmark valde å behalde kjøpslova si frå 1906 for nasjonale kjøp. Under lovsamarbeidet drøfta dei nordiske landa korleis gjennomføringa av CISG i nasjonal rett skulle gjerast, og på dette punktet tok Noreg eit anna standpunkt enn dei andre landa som var med i lovsamarbeidet. Danmark, Sverige og Finland gjennomførte CISG ved ei blankettlov som slo fast at originalteksten av CISG skulle gjelde direkte som nasjonal rett, medan dei nasjonale kjøpslovene skulle gjelde for nordiske kjøp. Det vart halde fram av Danmark, Sverige og Finland at det var behov for mange avvik frå konvensjonen for nordiske kjøp. Spesialføresegnene som ville vere naudsynte dersom ein skulle lage ei felles lov for nordiske og internasjonale kjøp, ville gjere lova uoversiktleg. Vidare vart det halde fram at ei gjennomføring ved inkorporasjon var best i samsvar med konvensjonens karakter og føremål om å skape eit heilskapleg normsystem for internasjonale kjøp.

Noreg la på si side avgjerande vekt på at det for mange mindre norske eksport- og importbedrifter ville vere ein fordel å kunne innrette seg etter eit norsk regelsett framfor konvensjonen, jf. Ot.prp. nr. 80 (1986–87) side 18. Det vart vist til at sidan dei færreste bedrifter hadde egne seksjonar for internasjonal handel, ville bedriftene kunne dra nytte av at reglane for internasjonale og nasjonale kjøp fanst i same lov og langt på veg var identiske. Ein såg det slik at konvensjonen og førearbeida til den ville vere mindre tilgjengelege enn kjøpslova for dei fleste partar i kjøp. Det vart vidare vist til at transformasjon var den vanlege måten å gjennomføre tilsvarende konvensjonar på i norsk rett.

I Noreg valde ein derfor å utforme ei felles kjøpslov for nasjonale og internasjonale kjøp der det blei gitt unnatak og spesialføresegner for internasjonale kjøp i fleire føresegnar, og dessutan i eit særskilt kapittel XV med spesialføresegner for internasjonale kjøp. Departementet er ikkje kjent med at nokon andre land tilslutta

CISG, forutan Island, har valt ein tilsvarende gjennomføringsmåte. Den rettskjeldesituasjonen som partane i internasjonale kjøpsavtalar må innrette seg etter, er derfor ein annan om det er norsk rett som skal nyttast, enn om det er lova i ein annan stat tilslutta CISG som skal nyttast. Er det rettsreglane til ein annan konvensjonsstat som skal nyttast, kan partane som utgangspunkt halde seg direkte til originalteksten i CISG. Er det norsk rett som skal nyttast, må partane derimot halde seg til ein norsk lovtekst og norske førearbeid m.m., som for ein utanlandsk part ofte vil vere ukjent stoff. Føresegnene i kjøpsloven er meinte å dekkje føresegnene i CISG fullt ut, men systematikken i kjøpsloven skil seg på mange punkt frå systematikken i CISG. Vidare inneheld kjøpsloven omsetjingar og i nokon grad òg tolkingar av føresegnene i CISG.

Noregs val av gjennomføringsmetode har vore utsett for kritikk i juridisk teori, sjå mellom anna Hagstrøm: Kjøpsrett (2005) sidene 35–40, Krüger: Norsk kjøpsrett (1999) sidene 671–673 og Sollund: The U.N. Convention on Contracts for the International Sale of Goods, Article 7(1) – The Interpretation of the Convention and the Norwegian Approach (NJCL 2007). Det blir mellom anna halde fram i teorien at gjennomføringsmåten ikkje sikrar føremålet med CISG om å få i stand eit felles referansegrunnlag for å løyse tvistar i internasjonale kjøp.

5.3 Framlegget i høyringsnotatet

I høyringsnotatet gjorde departementet framlegg om å gjennomføre CISG del II ved å tilføye ei blankettføresegn i kjøpsloven der det blir fastsett at konvensjonen artikkel 14 til 24 skal gjelde som norsk lov. I høyringsnotatet punkt 4.3 heiter det som følgjer om dette:

«Reglane om avtaleinngåing høyrer systematisk sett heime i avtalelova, men sidan CISG del II berre gjeld for internasjonale avtalar om lausøyrekjøp, reknar departementet det som mest føremålstenleg at ei slik blankettføresegn blir gitt i kjøpslova. Føresegna kan takast inn i kapittel XV i lova, som berre gjeld for internasjonale kjøp. Eit lovforslag basert på denne løysinga er teke inn i punkt 5 som alternativ 1.

Å gjennomføre CISG del II i norsk rett ved inkorporasjon vil, slik departementet ser det, vere den beste måten å sikre at føremålet med konvensjonen om å skape eit felles referansegrunnlag for å løyse tvistar i internasjonale kjøp blir realisert. Ei slik gjennomføring vil

sikre at partane kan halde seg direkte til ein tekst som er allment kjend internasjonalt.

Inkorporasjon av CISG del II, utan at gjennomføringa av resten av konvensjonen i norsk rett blir endra, vil på den andre sida føre til ei lite heilskapleg samla gjennomføring av konvensjonen. Men sidan CISG del II berre regulerer avtaleinngåinga, som i hovudsak er avgrensa frå dei kjøpsrettslege reglane i CISG som er gjennomførte i kjøpslova, kan departementet i utgangspunktet ikkje sjå at dette talar avgjerande imot at CISG del II bør gjennomførast ved inkorporasjon.»

Departementet reiste vidare spørsmål om ein i samband med gjennomføringa av CISG del II, bør vedta heile CISG som norsk lov ved inkorporasjon:

«I samband med forslaget om at CISG del II skal gjennomførast i norsk rett, vurderer departementet om ein bør foreslå at heile CISG bør vedtakast som norsk lov gjennom ei blankettføresegn i kjøpslova. I så fall vil ein oppnå at gjennomføringa av heile CISG blir heilskapleg, og dessutan at partane i internasjonale lausøyrekjøp kan halde seg direkte til heile originalteksten i konvensjonen. Det vil eventuelt innebære ei reversering av gjennomføringsmetoden som vart vald ved tilslutninga til CISG, og ei tilpassing til gjennomføringsmetodane som er valde i tilnærma alle andre konvensjonstatar.

Hovudgrunnen til at ein i si tid valde å transformere CISG og lage felles reglar for nasjonale og internasjonale kjøp i kjøpslova, var som nemnt at det vart rekna som ein fordel for mindre norske eksport- og importbedrifter å kunne rette seg etter eit norsk regelsett i staden for konvensjonen, pluss at bedriftene ville ha nytte av at reglane for internasjonale og nasjonale kjøp finst i same lova og langt på veg er identiske. Desse omsyna har vekt i dag òg. Departementet vil likevel peike på at norske bedrifter som inngår internasjonale avtalar om lausøyrekjøp, likevel må rette seg etter originaltekstane av CISG i tilfelle der ein skal nytte retten i ein annan konvensjonstat enn Noreg. Departementet reknar med at det derfor neppe inneber ei særleg stor endring for norske bedrifter om dei må rette seg direkte etter originaltekstene av CISG også i internasjonale lausøyrekjøp der norsk rett skal nyttast.

Føremålet med CISG om å få i stand eit felles referansegrunnlag for å løyse tvistar i internasjonale lausøyrekjøp blir, slik departementet

ser det, sikra best dersom partane kan halde seg til originaltekstane av konvensjonen uavhengig av om rettsreglane til den eine eller den andre konvensjonstaten skal leggjast til grunn. Den norske rettskjeldesituasjonen for internasjonale lausøyrekjøp, medrekna forholdet mellom kjøpslova og CISG, er relativt vanskeleg tilgjengeleg for utanlandske partar i internasjonale lausøyrekjøp. Rettsuvisse hos utanlandske partar kan utgjere ein viss handelsbarriere og vil kunne føre til auka transaksjonskostnader. Frå eit internasjonalt perspektiv vil det vere ei forenkling om partane kan halde seg direkte til CISG både når norsk rett skal nyttast, og når retten i andre konvensjonstatar skal nyttast. Handelsomsyn dreg derfor også, slik departementet ser det, i retning av at heile CISG bør inkorporerast i norsk rett. Eit lovforslag basert på at heile CISG blir inkorporert i norsk rett, er teke inn i punkt 5 som alternativ 2.

(...)

Inkorporasjon av heile CISG kan etter departementets syn eventuelt gjerast ved at det blir innarbeidd ei blankettføresegn i kjøpslova kapittel XV som slår fast at CISG skal gjelde direkte som norsk lov. Verkeområdet for kjøpslova, slik det er definert i kapittel 1, må i så fall justerast slik at berre kapittel XV skal gjelde for internasjonale kjøp som fell inn under verkeområdet til konvensjonen, medan resten av lova skal nyttast for norske og nordiske kjøp. Dagens særreglar for internasjonale kjøp i kjøpslova kapittel XV og i fleire føresegner elles i lova vil i så fall ha utspelt si rolle og må opphevast. Etter departementets syn bør ein, same korleis ein løyser det lovtekniske valet ovanfor, vidareføre ordninga etter gjeldande rett der CISG, bortsett frå del II og enkelte avsluttande føresegner, er teken inn som vedlegg til lova. Forskjellen på dette punktet vil berre bestå i at konvensjonen del II òg blir teken inn i vedlegget. Slik departementet ser det, bør det i tillegg gå fram av avtalelova at kapittel 1 ikkje gjeld for avtaleinngåing som er omfatta av kjøpslova kapittel XV.»

5.4 Høyringsfråsegnene

Regjeringsadvokaten, Den Norske Advokatforening og Næringslivets Hovedorganisasjon har uttala seg om val av gjennomføringsmåte. Dei meiner alle at heile CISG bør vedtakast som norsk lov ved inkorporasjon i samsvar med framlegget i høyringsnotatet punkt 5 alternativ 2.

5.5 Departementet si vurdering

Departementet foreslår at heile CISG blir gjennomført som norsk lov ved inkorporasjon. Alle høyringsinstansane som har uttala seg om spørsmålet, støttar denne gjennomføringsmodellen. Ein vil då oppnå at gjennomføringa av CISG blir heilskapleg, og at partane i internasjonale lausøyrekjøp kan halde seg direkte til heile originalteksten i konvensjonen. Føremålet med CISG om å få i stand eit felles referansegrunnlag for å løyse tvistar i internasjonale lausøyrekjøp blir òg sikra best dersom partane kan halde seg til originaltekstane av konvensjonen uavhengig av om rettsreglane til den eine eller den andre konvensjonsstaten skal leggjast til grunn. Både Danmark, Finland og Sverige har gjennomført CISG ved inkorporasjon slik at omsynet til fellesnordisk gjennomføringsmåte og talar for at Noreg gjennomfører konvensjonen ved inkorporasjon. Departementet viser vidare til dei øvrige omsyna som blei framheva til støtte for denne gjennomføringsmodellen i høyringsnotatet, jf. punkt. 5.3 ovanfor.

Etter departementet sitt framlegg vil heile CISG bli inkorporert ved ei blankettføresegn i kjøpsloven kapittel XV som slår fast at CISG skal gjelde direkte som norsk lov. Det er då behov for å justere verkeområdet for kjøpsloven, slik det er definert i kapittel 1, slik at berre kapittel XV skal gjelde for internasjonale kjøp som fell inn under verkeområdet til konvensjonen, medan resten av lova skal nyttast for norske og nordiske kjøp. Behovet for dagens særreglar for internasjonale kjøp i kjøpsloven kapittel XV og i fleire føresegnar elles i lova, vil då falle bort. Departementet foreslår derfor å oppheve desse reglane. Etter framlegget vil det vidare bli presisert i avtaleloven at føresegnene i kapittel 1 ikkje gjeld for avtaleinngåing som er omfatta av kjøpsloven kapittel XV.

Dei føreslåtte lovendingane vil ikkje føre med seg endringar i den nasjonale kjøps- eller avtaleretten. Dei vil heller ikkje få noko å seie for kontraktar om lausøyrekjøp der begge partane har forretningsstad i dei nordiske landa (nordiske kjøp), jf. punkt 4.4 ovanfor.

6 Økonomiske og administrative konsekvensar

Framlegget vil ikkje få økonomiske eller administrative konsekvensar for det offentlege utover at det offentlege som part i internasjonale lausøyre-

kjøpsforhold kan bli påverka på line med andre partar.

Dei materielle verknadene av framlegget er avgrensa til gjennomføringa av CISG del II om avtaleinngåing i norsk rett. Dei øvrige delane av konvensjonen er allereie gjennomført i norsk rett, og framlegget gjeld for desse delane berre sjølv gjennomføringsmåten.

Reglane om avtaleinngåing er neppe i seg sjølv av stor praktisk betydning for partane i internasjonale lausøyrekjøpsforhold. Dessutan er det ikkje vesentlege reelle skilnader mellom reglane i CISG del II og avtaleloven kapittel 1. Endringane i reguleringa på dette punktet vil derfor neppe få monalege økonomiske konsekvensar. Framlegget kan likevel ha ein viss positiv effekt ved å redusere transaksjonskostnadene i samband med internasjonale lausøyrekjøp. Det forenkler rettskjeldebildet ved at reglane for avtaleinngåing vil bli dei same uavhengig av om det er rettsreglane i Noreg eller ein annan konvensjonsstat som skal leggjast til grunn. Lovvalsreglane får dermed ei meir underordna rolle. Vidare kan det at Noreg får reglar for avtaleinngåing i internasjonale lausøyrekjøpsforhold som svarar til dei reglane fleirtallet av handelsstatar opererer med i dag, vere positivt ut frå handels- og næringsomsyn. Framlegget om å gjennomføre CISG ved inkorporasjon framfor transformasjon vil vidare i seg sjølv vere egna til å forenkle rettskjeldesituasjonen, òg med omsyn til dei delane av konvensjonen som allereie er gjennomførte i norsk rett, ettersom partane då kan halde seg direkte til originalteksten i konvensjonen uavhengig av om det er rettsreglane i Noreg eller ein annan konvensjonsstat som skal nyttast.

7 Merknader til dei einskilde paragrafane

7.1 Til endringane i kjøpsloven

Til § 5

Det blir føreslått å justere verkeområdet til kjøpsloven slik at internasjonale kjøp som fell inn under verkeområdet til CISG, aleine blir regulerte av kapittel XV, medan resten av lova skal nyttast for norske og nordiske kjøp. Endringane er ei konsekvens av framlegget om å gjennomføre heile CISG som norsk lov ved inkorporasjon, jf. dei alminnelige merknadene punkt 5.5.

Til § 26 andre punktum

Det blir føreslått å oppheve særregelen for internasjonale kjøp. Departementet viser til dei alminnelege merknadene punkt 5.5.

Til § 27 fjerde ledd andre punktum

Det blir føreslått å oppheve særregelen for internasjonale kjøp. Departementet viser til dei alminnelege merknadene punkt 5.5.

Til § 40 andre ledd andre punktum

Det blir føreslått å oppheve særregelen for internasjonale kjøp. Departementet viser til dei alminnelege merknadene punkt 5.5.

Til § 41 fjerde ledd

Tilvisinga til § 96 blir teken ut ettersom denne føreseigna er føreslått oppheva, jf. merknaden til §§ 88 til 99 nedanfor. Endringa er ikkje meint å ha realitetsverknader.

Til § 54 fjerde ledd andre punktum

Det blir føreslått å oppheve særregelen for internasjonale kjøp. Departementet viser til dei alminnelege merknadene punkt 5.5.

Til § 66 andre ledd andre punktum

Det blir føreslått å oppheve særregelen for internasjonale kjøp. Departementet viser til dei alminnelege merknadene punkt 5.5.

Til § 70

Det blir føreslått å oppheve særregelen for internasjonale kjøp i *tredje ledd* og justere paragrafoverskrifta i samsvar med dette. Departementet viser til dei alminnelege merknadene punkt 5.5.

Til § 85 tredje ledd tredje punktum

Det blir føreslått å oppheve særregelen for internasjonale kjøp. Departementet viser til dei alminnelege merknadene punkt 5.5.

Til § 87

Det blir slått fast at CISG skal gjelde som norsk lov. Dette inneber at heile konvensjonen, slik Noreg har slutta seg til han, blir gjennomført i norsk rett ved inkorporasjon.

Med unnatak for konvensjonen del II medfører framlegget i prinsippet ikkje materielle endringar, men berre ei endring i valet av gjennomføringsmodell. Konvensjonen del I, III og IV er allereie gjennomført i norsk rett, men då slik at reglane er gjennomførte ved transformasjon. Reglane er dermed omsett, omsystematisert og i nokon grad fortolka inn i ein konsolidert norsk lovtekst (kjøpsloven) som skal gjelde både for nasjonale og internasjonale kjøp. Etter framlegget til inkorporasjon vil konvensjonsteksten i staden gjelde direkte som norsk lov og behovet for særreglar om internasjonale kjøp i kjøpsloven fell bort.

Med omsyn til konvensjonen del II om avtaleinngåing inneber framlegget derimot materielle endringar. Desse reglane har så langt ikkje vore gjennomførte i norsk rett, jf. reservasjonen mot CISG del II i medhald av artikkel 92. Etter gjeldande rett er det derfor avtaleloven kapittel 1 som gjeld dersom det er norsk rett som skal nyttast. Sjølv om det i utgangspunktet er CISG del II som må nyttast dersom det er rettsreglane til ein annan konvensjonsstat som skal gjelde, inneber reservasjonen vidare at dette likevel ikkje gjeld overfor konvensjonsstatar som har reservert seg mot å nytte CISG artikkel 1 nr. 1 bokstav b. Det er då i staden dei internrettslege reglane om avtaleinngåing i den aktuelle konvensjonsstaten som må nyttast. Framlegget om å trekkje reservasjonen mot CISG del II og gjennomføre desse konvensjonsreglane i norsk rett inneber at dei nemnde tilfella i staden vil bli regulerte av konvensjonen del II.

Framlegget fører ikkje med seg endringar i den nasjonale kjøps- eller avtaleretten. Det vil heller ikkje få noko å seie for kontraktar om lausøyrekjøp der begge partane har forretningsstad i dei nordiske landa (nordiske kjøp). Departementet viser elles til dei alminnelege merknadene punkt 4.4 og 5.5 samt omtala av dei viktigaste skilnadene mellom CISG del II og avtaleloven kapittel 1 under punkt 3.4.

Til §§ 88 til 99

Paragrafane er særreglar for internasjonale kjøp. Departementet føreslår at dei blir oppheva, jf. dei alminnelege merknadene punkt 5.5.

7.2 Til endringane i avtaleloven

Til ny § 9 a

Det blir slått fast at føresegnene om avtaleinngåing i avtaleloven §§ 1 til 9 ikkje gjeld for inngåing av kjøpsavtalar som er omfatta av kjøpsloven kapittel XV. I desse tilfella vil det vere reglane om avtaleinngåing i CISG del II som gjeld.

Justis- og beredskapsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i kjøpsloven og avtaleloven og samtykkje til å trekkje reservasjonen mot FN-konvensjonen 11. april 1980 om kontraktar for internasjonale lausøyrekjøp (CISG) del II om avtaleinngåing.

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til lov om endringar i kjøpsloven og avtaleloven og vedtak om samtykkje til å trekkje reservasjonen mot FN-konvensjonen 11. april 1980 om kontraktar for internasjonale lausøyrekjøp (CISG) del II om avtaleinngåing i samsvar med eit vedlagt forslag.

A Forslag

til lov om endringar i kjøpsloven og avtaleloven

I

I lov 13. mai 1988 nr. 27 om kjøp blir det gjort følgjande endringar:

§ 5 skal lyde:

§ 5 *Internasjonalt kjøp.*

For kjøp som er omfattet av virkeområdet for FN-konvensjonen 11. april 1980 om kontrakter for internasjonale løsørekjøp, gjelder lovens kapittel XV. Dette gjelder ikke kjøp der selgeren har forretningsstedet i Norge, Danmark, Finland, Island eller Sverige og kjøperen har forretningsstedet i et annet av disse landene (nordisk kjøp).

§ 26 andre punktum blir oppheva.

§ 27 fjerde ledd andre punktum blir oppheva.

§ 40 andre ledd andre punktum blir oppheva.

§ 41 fjerde ledd skal lyde:

(4) For tredjemannskrav som bygger på *immaterialrett* gjelder reglene i første ledd tilsvarende.

§ 54 fjerde ledd andre punktum blir oppheva.

§ 66 andre ledd andre punktum blir oppheva.

§ 70 overskrifta skal lyde:

§ 70 *Plikt til å begrense tap. Lemping av ansvaret.*

§ 70 tredje ledd blir oppheva.

§ 85 tredje ledd tredje punktum blir oppheva.

Endringer i kjøpsloven og avtaleloven og samtykkje til å trekkje reservasjonen mot FN-konvensjonen 11. april 1980 om kontraktar for internasjonale lausøyrekjøp (CISG) del II om avtaleinngåing

Kapittel XV overskrifta skal lyde:

Kapittel XV. Internasjonalt kjøp.

§ 87 skal lyde:

§ 87 *FN-konvensjonen om internasjonale løsørekjøp.*

FN-konvensjonen 11. april 1980 om kontrakter for internasjonale løsørekjøp gjelder som norsk lov.

§§ 88 til 99 blir oppheva.

Noverande § 100 blir § 88 i kapittel XVI.

II

I lov 31. mai 1918 nr. 4 om avslutning av avtaler, om fuldmagt og om ugyldige viljeserklæringer skal i kapittel 1 ny § 9 a lyde:

§ 9 a *Paragrafene 1 til 9 får ikke anvendelse på inngåelse av kjøpsavtaler som omfattes av kjøpsloven kapittel XV.*

III

1. Lova gjeld frå den tid Kongen fastset.
2. Lova gjeld ikkje for avtalar som er inngått før lova trer i kraft.

B

Forslag

til vedtak om samtykkje til å trekkje reservasjonen mot FN-konvensjonen 11. april 1980 om kontraktar for internasjonale lausøyrekjøp (CISG) del II om avtaleinngåing

Stortinget samtykkjer i at reservasjonen mot FN-konvensjonen 11. april 1980 om kontraktar for internasjonale lausøyrekjøp (CISG) del II om avtaleinngåing, jf. konvensjonen artikkel 92, blir trekt.



Trykk: AS O. Fredr. Amesen. Mai 2013

241491